

## **Innhald.**

### **Alle foto i rapporten: Svein Hjelmeset**

Fagredalen og Storevarden	s 1	Fjellrype	s 15
Stoda	s 2	Rovfuglar	s 16
Langedalsvatnet	s 3	Boltit	s 17
Fagredalsvatnet	s 4	Flekkmure *k	s 18
Snøsøte *k	s 5	Grønkurle*	s 18
Snøsildre *k	s 6	Alpehumle	s 19
Gulstarr *k	s 7	*k= *nye plantefunn på k kalkgrunn.	
Hårstarr *k	s 8		
Marinøkkel* og kvit brudespore k	s 9		
Rustsopp* på Fjellfrøstjerne	s 10		
Rosenrot	s 10		
Teibær og Fjellpestrot	s 11		
Dvergjamne *k og Kvann*	s 12		
Tverrfjellet og Storevarden	s 13		
Rein og Fjellrype	s 14		

## Kartlegging av flora og fauna i Fagredalen, Storevarden, Tverrfjellet og Morafkaområdet 2015.



Rosenrot i Fagredalen hausten 2015

Svein Hjelmeset

## Fagredalen, Tverrfjellet/Storevarden og Moraftaområdet 2015.

Det var mykje snø i fjellet sommaren 2015. Vårplantar som veks på solrike plassar høgt til fjells, som raudsildre og rosenrot, sleit med å vise seg i full blomst. Bildet under viser snømengdene på og rundt Fagredalsvatnet 16. juni 2015.



Fagredalsvatnet sett fra Tverrfjellet 16. juni 2015

Same dato var det djup snø og 25 cm med nysnø på Tverrfjellet og Storevarden.



Ganske mykje snø på Storevarden og Tverrfjellet midt i juni.

## Stoda


Det var ingen vits å gå den lange turen til Fagredalen før det vart haust. 8. september hadde eg ein fin tur dit. Det var tett skodde dei 3 første timane av turen. Fin sol resten av dagen.



I Stoda sat skoddedropane tett i den hårete fjellbakkestjerna.



Reinrosa i Stoda var avblomstra.



Langedalsvatnet sett fra Stoda. Gloppefjorden og Lotetunnelen i bakgrunnen.



På denne steinen i Stoda, klorar fokk-lavet seg fast.

## Fagredalen 8. september 2015.



Det var fortsatt mykje snø i Fagredalen 8. september 2015.




Enkelte år er mesteparten av breen langs sørsida av vatnet heilt borte.



Bilde av det artsrike området i Fagredalen. Foto: 8. september 2015.

Eg oppdaga ein del nye planter på denne turen. Snøsøte med den intense blåfargen var det mykje av.

Bilde av snøsøte i Fagredalen 8. september 2015.



### **Snøsøte (*Gentiana nivalis*)**

Blomsten opnar seg ikkje utan at sola er framme og temperaturen er god. Ser ein ikkje kronblada, er det vanskeleg å oppdage planten.

Snøsøte er ein plante i Søterotfamilien. Planten blir 3-15 cm høg, og blomsten har fem 15 mm lange blå kronblad med kvite flikar. Den veks mest på vanleg tørr, frisk og **kalkholdig** jord. Blomstrar i juli-august.

Kinasøte er ein vanleg hageplante i same familie.



Snøsildre i Fagredalen 8. september 2015

6

## **Snøsildre (*Saxifraga nivalis*)**

Snøsildre er ein plante i sildrefamilien. Planten er ca 15 cm høg, har tjukke grovtagga rosettblad med hår. Blada er ofta purpurfarga på undersida.

Blomstring i berg og knausar i fjellet i juli.

Snøsildra formeirer seg ved både frø og rosettaktige skotfragment som blir skilt ut frå morplanten. Snøsildre veks på kalkrik jord.



Gulstarr i Fagredalen først i september 2015

## Gulstarr (*Carex flava*).

Flava=gullgul. Hoaksa er nemleg sterkt gulgrøne. Fargen skil seg frå andre starr-artar. Like under aksa sit det eit langt, utstikkande støtteblad. Over dei stikk eit smalt, brunt, brunt hannaks opp nesten som ei fjør i hatten. Viser godt på bildet.

Gulstarr utmerkjer seg ved å vere eit nokså sikkert teikn på rikeleg med kalk i jorda.



Hårstarr, fjellfrøstjerne og brudespore i Fagredalen 2015

## Hårstarr (*Carex capillaris*)

Hårstarr er ein sped og kortvokst med skilde hann- og hoaks.

Hannakset er lysebrunt. Dei 2-4 hoaksa er små og heng på hårfine stilkar. Hårstarr veks berre på kalkgrunn.



## Marinøkkel (*Botrychium lunaria*)

Marinøkkel vert 3–15 cm høg, med halvmåneforma finnar på bladet. Du finn han på bakkar, i lauvskog og opp til 1600 moh. Marinøkkel skulle kunne kunne brukast som magisk kraft til å opne låsar. Planten liknar på ein gammal nøkkel, og har



## Kvit Brudespore (*Gymnadenia conopsea*)

Brudespore er ein vanleg orkide i Norge, som treng ein del kalk i jorda. Orkideen var tidlegare vanleg på ugjødsela slåtteng i kalkrike strok.

## Rustsoppen: *Puccinia Septentrionalis* på Fjellfrøstjerne



Fjellfrøstjerne i Fagredalen med rustsoppen *Puccina septentrionalis*.

### Rustsoppen: *Puccinia* *Septentrionalis*

Det er 3 typar rustsopp som kan leve på fjellfrøstjerne. Ein av dei er berre kjend frå fjellfrøstjerne: *Puccinia rhytismoides*. På bildet frå Fagredalen er det rustsoppen: *Puccinia*



Rosenrota får vakre haustfargar.

### Rosenrot (*Sedum rosea*)

Rosenrot er ein plante i bergknappfamilien. Planten har kjøtfulle, tette, grøne, skruestilte blad på ein tjukk stengel. Blada er 1-4 cm lange, tjukke og sukkulente (inneheld mykje vatn). Det er roselukta av rota og har gjett planten namnet rosenrot.



Teiebær i Fagredalen 2015

### Teiebær, eller tågebær, (*Rubus saxatilis*)

Fleirårig art i rosefamilien. Planten blir 20–40 cm høg, har lange, krypande tæger og opprette blomsterskot med kvite blomstrar. Bæra er eigentleg sammensette steinfrukter, er lysraude og kan etast. Smakar om lag som rips.



Fjellpestrot i fagredalen 2015

### Fjellpestrot (*Petasites frigidus*)

Fjellpestrot er ei urt i korgplantefamilien. Kan bli frå 10 -50 cm høg. Blomstrane er kvite eller raudlege tidleg om våren. Blada minner om hestehovblad. Fjellpestrot veks på næringsrik grunn i fjellet.




## Dvergjamne (*Selaginella selaginoides*)



Bilde av dvergjamne

Dvergjamne er ein liten karsporeplante i dvergjamnefamilien. 3-8 cm høg, med krypande stenglar, opprette, sporebærande skot og med to slag sporar. Dei hannlege sporehusa sit øvst, og noko større hosporehus sit nedst i akset.

Dvergjamne er ein nokså vanleg plante på mosegrodde, litt fuktige stadar på kalkgrunn opp til 1500 moh.



## Kvann (*Angelica archangelica*)

0,5- 1 m høg og blomstrar i juli-august.

Robust plante med tjukk rotstokk og grov, hul stengel. Heile planten er sterkt duftande og til trekkjer seg mange forskjellige småinsekt. Gamal grønsak- og legeplante.

## Tverrfjellet og Storevarden.

I området Tverrfjellet/Storevarden låg snøen så lenge, at det vart ikkje gjort nye plantefunn. Bildet under viser kor djup snøen låg 16. juni 2015. Det var kome 20 cm nysnø dei siste dagane og.



Raudsildra som skulle vere avblomstra på denne tida, kjempar seg gjennom fersk is.

Rosenrota på bilde til høgre har kome opp av jorda dei siste dagane.

## Dyr og fuglar.

På dei tre turane innover mot Storevarden, vart det få funn av plantar. Det var ein del dyre- og fugleliv å sjå. Reinsflokk på ca 35 dyr viste seg fleire gonger.




Bildet viser ein del av reinsflokkene 5. mai 2015.

Simle med årets kalv tidleg i mai.

Det var ein del fjellrype først i mai, men det ser ut for at få har fått fram ungar denne hekkesesongen. Lite smågnagarar og sein vår i fjellet får ta ein del skulda for mislukka hekking.



Fjellrype hofugl 15. mai 2015




Steggen er i ferd med å få sommardrakta si.

## Rovfuglar i området.

Etter mine observasjonar, har det hekka både kongeørn og tårfalk i det freda området. Utan at eg har funne hekkestadane, var dei sett fleire gongar i området i hekkeperioden.



To vaksne kongeørn i kamp 23. mai 2015



Tårfalk speidar etter byttedyr i slutten av mai 2015

## Vadarar.

For to år sidan var det eit boltit-par i oppstigninga til Tverrfjellet. Sansynleg hekking. I år var det eit par i nærleiken til Svartekari. I fjar hekka fjøreplytten i same området. Kjekt at ikkje berre heiloen representerer vadarane i gloppefjella.



Boltit ved Svartekari 5. juni 2015

## Moraftaområdet.

På grunn av snøforholda, var det få nye plantar å finne der. Under kan du sjå bilde av eit av dei kalkrike områda like under Berdalsegga. 20. august 2015.



## Flekkmure: *Potentilla crantzii*



Flekkmure (*Potentilla crantzii*)

20.august 2015

Flekkmure funne under Berdalsegga 20. august 2015.

Grønkurle ved Berdalsegga 20. august 2015.

### Flekkmure.

Flekkmure er ei fleirårig urt i rosefamilien. 5-25 cm høg og planten veks enkeltvis. 2 cm breie, gule blomster med ein mørkare oransjeflekk innerst på kronblada. Flekkmure veks på grasbakkar, helst på kalkrik grunn.



### Grønkurle (*Coeloglossum viride*)

Dette er ein orkide som vert 20-25 cm høg. Blomsterfargen varierer mellom gulgrøn til brunleg. Grønkurle er vanleg i fjellstrok, men og i låglandet. I Jotunheimen veks han opp til 1750 moh.



Alpehumle på grepelyng 2. juli 2015

### Alpehumle (*Bombus alpinus*)

Alpehumle er ei av dei største humlene i fjellet og du kan ofte sjå ho på blomstrande vier om våren. Pelsen er svart på mellomkroppen og oransjeraud på heile bakkroppen, bortsett frå første ledd som er svart. Dronninger og hannar kan forvekslast med polarhumle, medan arbeidarane kan forvekslast med dronninger av. Berghumle og lapphumle.



Tårfalk seglar over morafta 2. juli 2015